



REIN VIDDE.

HARDANGERVIDDA

T U N N E L E N E

Simadalsvegen 1

5783 Eidfjord

Orgnr. 999 178 812

www.hardangerviddatunnelene.no

post@hardangerviddatunnelene.no

tif. 90944980

Årsmelding 2018

1. Organisering

Hardangerviddatunnelene AS har forretningsadresse forretningsadressa Eidfjord kommune og kontoradressa til Simadalsvegen 1, 5783 Eidfjord (Eidfjord kommunehus).

Selskapet har som hovudføremål å etablere sikker helårsveg over Hardangervidda (Rv.7) gjennom bygging av tunellar.

Selskapet har etter Generalforsamlinga i 2018 slik styresamansetjing:

Styreleiar	Anved Johan Tveit	Personleg vara	Gunvall Medhus
Nestleiar	Petter Rukke	Personleg vara	Mathias Eide Sataøen
Styremedlem	Hanne B. Håtuft	Personleg vara	Jon-Andreas Kolderup
Styremedlem	Anne Lise Bleie	Personleg vara	Svein Hop
Styremedlem	Hans Petter Torbjørnsen	Personleg vara	Solfrid Borge
Styremedlem	Torhild Marie Helling Bergaplass	Personleg vara	Ole Vegard Nørstebø
Styremedlem	Ivar Arne Lid	Personleg vara	Inger-Brit Vindegg

Valkomite: Erik Kaupang og Aslak Lægneid
Dagleg leiar Leiv A Vambheim i 30 % stilling.

2. Styret sitt arbeid.

Det har halde 5 styremøter og handsama 40 styresaker. Styret har hatt samhandling med IS Rv 7 i samband med styremøta og uttalar. Det har vore godt aktivitetsnivå i selskapet og styret sine medlemmer har bidrege nyttig til selskapet sin aktivitet og gjennomslag i relevante fora.

Nokre saker som styret og administrasjonen har jobba med, er:

- Budsjett, regnskap og jamnleg økonomirapportering.
- Stadig etterspurt bruken av avsette 300 mill kr. til rv7.
- Høyringsuttale til KVVU rv 7 Hardangervidda.
- Møte med Voss og Granvin om felles interesse E 16 Bergen-Voss, rv 7 og Hardangerviddatunnelene as.
- Førebudd ny Rein Vidde konferanse 2019.
- Tinga Ny Transportanalyse ved Helge Hopen.
- Brev til Samferdselsdepartementet om manglar i KS 1.
- Dagleg leiar har presentert Hardangerviddatunnelene AS i Nore og Uvdal formannskap(15.okt), Ulvik heradstyre (7. november), Ullensvang formannskap (12. november) og Ål kommunestyre (15. november).

3. Selskapet si verksemd.

Aktivitet og rollefordeling.

Budsjettet for 2018 vart halvert i høve tidlegare år og Leiv Vambheim var kontraktstilsett i 30 % midlertidig stilling tom 30.06.2019. Arbeidsfordelinga er at dagleg leiar administrerer selskapet og styret er ansvarleg for påverknadsarbeidet.

Dagleg leiar og styre føl nøye med kva som rører seg i vegdebattane rundt oss og syter for å vera synlege i media og hos styremaktene.

Ved månadlege gjennomgangar av Statens vegvesen sine trafikktejingar dokumenterer selskapet aukande trafikk på rv 7 Hardangervidda som vert tolka som aukande trafikantprioritering. Dette vert publisert i Fjesbook «Ja til Rv 7 som stamveg» og på Heimesida.

KS 1 Rv 7 Hardangervidda.

Denne var mottatt 12.10.2018. Konklusjonen er at ein ikkje skal bestemma konseptvalet K0, K1, K2 eller K3 enno. Rv 7 Hardangervidda må venta på korleis investeringsbeslutningane for Rv 52/E 16 (i særleg grad) og E134 (i nokon grad) vil påverka trafikkgrunnlaget for Rv 7 over Hardangervidda. Trafikken på Vidda skal gå ned med 65 % om ein følgjer Vegvesenet sine tilrådingar. Rapporten kritiserer KVVU-en for å vera for uklar, upresis og mangefull i deler av sine utgreingar, mellom anna svak konsistens mot behovsanalyse og i strategikapittel og ved kryssande omsyn mellom villrein og vinterregulart.

Rapporten KS 1 byggjer på KVVU av 2017 og Vegvesenet sine tilrådingar der om redusert K2 (kun Dyrannutunnel). Dette var før vedtaket om at Rv 7 Hardangervidda skal ha status som ein hovudveg aust-vest for reiseliv og persontransport, funksjonsdelt med Rv 52 for tungtransport. Dette har Stortinget sagt og det må vera grunnlaget for vidare planlegging. KS 1 tar likevel dette inn over seg med følgjande avsnitt:

"Vår vurdering er at det vert utforma alternative prosjektspesifikke krav med omsyn til reinsdyr og vinterregulart. Her er det naturleg å ta omsyn til stortingsvedtaket om Rv7 Hardangervidda er hovudveg aust-vest og at heilårsdrift på Hardangervidda bør inngå som eit må-krav."

Førebels bør K0 konseptet (ingen investering) leggjast til grunn. Subsidiært bør K1 konseptet (utbetring til 230 MOK) veljast .

Hardangerviddatunnelene as har i brev til Samferdseldepartementet påpeika det urimelege i at KS1 svarar på eit forelda spørsmål.

(Note: KVVU = Konseptvalutgreiing for rv 7 Hardangervidda der K0=ingen investering, K1=utbetring med 230 mill kr, K2= 5 korte tunnelar, K3=lang tunnel; KS1=Kvalitetsikring nr 1 av KVVU)

Arbeid mot sentrale styresmakter.

Høyringsmøte på Geilo om KVVU rv 7 Hardangervidda
Pressemelding om bygging av Lågahætunnelen med grunnlag i 300 mill kr.
Brev til Samferdselsdepartementet om KS1.

Uttalar.

Gitt Høyringsuttale «til KVVU rv 7 Hardangervidda» av 11.03.2018 spreidd til eigarakommunar, fylkeskommunar og andre. Uttalen fekk brei støtte frå eigarkommunane.

Hardangerviddakonferansen Rein Vidde.

Det vart ikkje avvikla Rein Viddekonferanse i 2018. Styret arbeidde hausten 2018 med førebuing til konferansen april 2019.

Profilering

Viktigaste arbeidet i selskapet er påverknad av dei som bestemmer og løyver midlar : Vegvesen, Fylkeskommune, Departement og Storting.

Profileringa til Hardangerviddatunnelene AS er på det jamne med heimeside, facebookside, brosjyre, beachflagg og "frå munn til munn". Media viser også interesse når det er noko nytt. Dette er jobba med i 2018:

*Heimesida www.hardangerviddatunnelene.no . Her legg ein ut informasjon etter som aktuelle ting skjer eller ein vil planta ut tankar eller gode idear. Trafikkstatistikk og kommentarar er viktig her. Ein prøver å sleppa ut nyhende minst ein gong i månaden.

*Facebook-profilen «Ja til rv 7 som stamveg» vert administrert av selskapet ved dagleg leiar. Her vert det lagt ut informasjon om lag ein gong i veka mest med tilvising til heimesida. Denne profilen er godt besøkt og når om lag 8000 aktive brukarar.

Facebooksida «Kolonnekøyring på Hardangervidda» er også ei aktiv side som svært mange er flinke å bruka. Dette er god profilering av vegen både i godver og i kolonne-/stengingsver.

*Pressemeldingar prøver ein seg på når ein har noko på hjarta, men det er vanskeleg å få inn omtalar i media. Forsøkt å ha pressemelding om Lågahætunnelen med liten respons. Flinkast er Hallingdølen.

*Brosjyremateriell er også ein del av profileringa. I 2018 har Hardangerviddatunnelene AS fått utarbeidd ein enkel oppdatert brosjyre om selskapet og fått laga beachflagg til synleggjering. Flagga er utplasserte på Garen, Halne og Ustaoset.

*Aksjonsgruppa arbeider med å setja opp nye skilt med oppdatert informasjon. Denne har sett navn på dei 5 tunnelane.

*Klistremerke er ein billig måte å synleggjera seg på, avhengig av entusiasmen om synleggjering frå alle gode medspelarar. Håpet er at så mange som mogeleg set merke på sine bilar eller effektar.

*I gratisheftet "Hardangerfjordmagasinet" som kom ut i desember 2018 kjøpte HVT ein flerie siders presentasjon av selskapet ført i pennen av dagleg leiar.

4. Økonomi.

Rekneskapen for 2018 er ført Hardanger Økonomiservice i Eidfjord. Denne viser at selskapet har nøktern drift og solid økonomi.

Generalforsamlinga i 2016 gav styre fullmakt til å frita selskapet frå revisjon, jf Aksjelova §7-6. Styret vedtok 17.august 2016 å velja bort bruk av revisjon for Hardangerviddatunnelene AS. Rekneskapen vert derfor ikkje revidert.

Driftsinntekter per. 31.12. 2018 er	kr. 1 100 000
Driftskostnader per. 31.12. 2018 er	kr. 732 024
Driftsresultat per. 31.12.2018 er	kr. 367 976
Finansinntekt	kr. 0
Ordinært resultat før skattekostnad	kr. 367 976
Skattekostnad på ordinært resultat	kr. 0
Årsresultat	kr. 367 976

5. Miljøpåvirkning

Selskapet driv ikke verksemd som forurensar det ytre miljøet.

6. Arbeidsmiljø

Selskapet har dagleg leiar i mellombels 30 % stilling som einaste tilsette i 2018. Arbeidsmiljøet er godt med godt samspel med styret og styreleiar.

7. Likestilling

Selskapet har 7 valde medlemmer, av disse er 3 kvinner og 4 menn. Varamedlemmene har fordelingen 1 kvinne og 6 menn.

Selskapet sin daglege leiar er mann.

8. Aksjonæroversikt

Selskapet har ved årsskiftet ein aksjekapital på kr. 100.000, fordelt på 100 aksjar pålydande kr. 1000. Aksjekapitalen er fullt innbetalt.

Aksjonærliste per. 31.12.2018

Navn:	Org.nr:	Antall aksjer:	Pålydende:	Beløp:
Hol kommune	971 030 607	40	1 000	40 000
Eidfjord kommune	944 227 121	40	1 000	40 000
Ullensvang herad	964 967 903	5	1 000	5 000
Ål kommune	864 952 992	5	1 000	5 000
Nore og Uvdal kommune	964 950 946	5	1 000	5 000
Ulvik herad	971 159 928	5	1 000	5 000
Sum		100		100 000


9. Bruk av overskot


Selskapet har i 2018 eit årsresultat på kr 367 976. Dette vert tilrådd avsett til styrking av annan eigenkapital.

10. Forutsetning for fortsatt drift

Med bakgrunn i selskapet sitt sine målsetninger og rekneskap 2018, er det grunnlag for vidare drift i selskapet.


Geilo 15. mail 2019


Anved Johan Tveit
Styreleiar



Petter Rukke
Nestleiar


Hanne B. Haatuft
Styremedlem


Hans Petter Thorbjørnsen
Styremedlem


Torhild Marie Helling Bergaplass
Styremedlem


Anne Lise Bleie
Styremedlem


Arne Ivar Lid
Styremedlem


Leiv A Vambheim
Dagleg leiar